



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Departementenes digitaliseringsorganisasjon
Postboks 8122 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
25/2282-20

Dato
6. februar 2026

Tildelingsbrev for 2026 – Digitaliseringsorganisasjonen til departementa

1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (2025–2026), jf. Innst. 16 S (2025–2026) vedteke 16. desember 2025.

DFD gir Digitaliseringsorganisasjonen til departementa (DIO) fullmakt til å disponere utgifts- og inntektsløyvingane for 2026, jf. reglement for økonomistyring i staten § 7. I brevet fastset òg departementet krav til DIO og delegerer fullmakter.

Saman med tildelingsbrevet legg hovudinstruksen rammene for DIO si verksemd i 2026.

Vi ber DIO ta opp eventuelle uklarleikar så snart som mogleg.

2. Overordna prioriteringar og utfordringar

Den teknologiske utviklinga endrar samfunnet i høgt tempo. For departementsfellesskapet betyr dette at evna til å nytte teknologi og digitalisering blir avgjerande for å løyse samfunnsoppdragane effektivt og trygt. Samstundes aukar behovet for robuste og motstandsdyktige digitale løysingar, gitt eit komplekst og uføreseieleg trusselbilette.

DIO skal vere departementa sin strategiske digitaliseringspartner. DIO skal ikkje berre levere sikre og framtidsretta digitale fellestenester til departementa og utanrikstenestene, men òg vere ein pådrivar for digital transformasjon og ein rådgivar som set departementa i stand til å

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
fellesfunksjonane til
departementa

Saksbehandlar
Vetle Bjøringsøy
Johnsen
22 24 72 67

samhandle effektivt og skape verdi for samfunnet. Ambisjonen er å utløyse krafta i departementsfellesskapet gjennom heilskapleg styring, felles løysingar og kompetansebygging.

I overgangsperioden fram mot etableringa av ny felles IKT-plattform gjennom program for felles IKT-tenester i departementsfellesskapet, skal DIO sikre stabil og trygg drift av dagens IKT-plattformer og digitale system. Samtidig skal DIO kontinuerleg vurdere sikkerheita i eigne system og prosessar, og setje i verk tiltak som styrkjer informasjonssikkerheita – inkludert cybersikkerheita – frå starten av alle løysingar. DIO skal vere drivkrafta for digital tryggleik og beredskap, bygge digital modnad og fremje arbeidsformer som gjer departementsfellesskapet meir effektivt, trygt og verdiskapande. Gjennom samarbeid, innovasjon og ansvarskjensle, skal DIO bidra til at teknologi blir ein strategisk ressurs for departementa – ikkje berre eit verktøy – slik at dei betre kan levere på sitt samfunnsoppdrag.

Departementsfellesskapet har to hovudleverandørar av fellestenester i DIO og Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS). DIO og DSS skal vera likeverdige partnarar som skal levere sikre og effektive fellestenester med riktig kvalitet, til departementa, Statsministerens kontor og kvarandre. Eit tett samarbeid mellom DIO og DSS er ein suksessfaktor for at vi skal lykkast med å skape eit godt departementsfellesskap. Det vil òg vere viktig med et tett samarbeide mellom DIO og Statens graderte plattformtenester for å sikre god og heilskapleg leveranse av ugraderte og graderte IKT-tenester i departementsfellesskapet.

2026 er eit år med særleg mange store oppgåver for DIO. Etaten har mange viktige utviklingsoppgåver som må ferdigstillast eller jobbast vidare med, mellom anna:

- etablering av nye tenester i sikker teknisk infrastruktur i regjeringskvartalet (STI)
- etablering av nye tenester i nytt regjeringskvartal (RKV) og annet arbeid knytt til prosjekt nytt RKV
- gjennomføring av prosjekt IKT i RKV
- gjennomføring av program for felles IKT-tenester i departementsfellesskapet (programmet)
- etablering av fleire fellestenester i departementsfellesskapet
- oppfølging av departementsstrategien «Gode kvar for oss. Best saman», særleg tiltaket om digital utvikling
- vidare arbeid med kunstig intelligens (KI) for departementsfellesskapet

De ulike utviklingsoppgåvene er nærare beskrivne under oppdrag.

Sjølv om DIO har mange utviklingsoppgåver i 2026, skal framleis etaten sikre at departementa mottar sikre og effektive digitale fellestenester med riktig kvalitet, jf. DIO sitt hovudmål for 2026. DIO må ha god økonomi-, portefølje- og prosjektstyring og bemanningsplanlegging i 2026. Det er også viktig at DFD og DIO har god dialog om framdrift for utviklingsoppgåver og prioriteringar av ressursar og oppgåver i 2026.

Hausten 2025 vart det vedteke at det skal etablerast ny styrings- og avgjerdsmodell for administrative fellestenester i departementsfellesskapet. Den nye styrings- og avgjerdsmodellen vart teken i bruk allereie i august 2025, men vil konkretiserast og utviklast vidare i 2026 gjennom etableringa av fleire fellestenester. Som ein del av dette arbeidet, vil DFD òg sjå på korleis etatsstyringa og styringsdialogen med DIO og DSS kan vidareutviklast i tråd med ny modell. DIO og DSS er viktige bidragsytarar inn i dette arbeidet, og DFD vil ta initiativ til dialog med etatane om dette i 2026.

3. Mål for 2026

DIO sitt samfunnsoppdrag er at SMK, alle departementa, Norges utanriksstasjonar og DSS skal ha ei sikker, kostnadseffektiv og funksjonell behandling og deling av digital informasjon internt og eksternt.

Det er sett eit hovudmål for DIO for 2026, jf. Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet:

- **Departementa mottar sikre og effektive fellestenester med riktig kvalitet.**

Sikre og effektive fellestenester med riktig kvalitet er en føresetnad for at departementa kan løyse samfunnsoppgåvene sine og ivareta rolla si som sekretariat for politisk leiing.

DIO skal være ein strategisk digitaliseringspartner for DFD og departementsfellesskapet.

Når ny felles IKT-plattform for departementsfellesskapet er ferdig etablert og i drift, kan DIO oppnå hovudmålet og delmåla sine fullt ut.

3.1 Delmål for 2026

Det er sett tre delmål for DIO for 2026.

1. Informasjonssikkerheita i departementsfellesskapet er god

Alle IKT-systema som DIO forvaltar, drifter og vedlikehald, har høg grad av informasjonssikkerheit, og er i samsvar til krav og føringar i gjeldande lovverk og frå departementa.

Styringsparameter 1 – Krav IKT-systema¹

Alle IKT-systema som DIO forvaltar, driftar og held ved like, er sikra i tråd med Nasjonal tryggingorgan (NSM) sine grunnprinsipp for IKT-sikkerheit.

DIO skal pr. tertial og i årsrapporten rapportere på:

¹ Alle rapporteringar på styringsparametrane skal ha opplysningar som gjer det mogleg å samanlikne resultatane med fjoråret på tilsvarende tidspunkt.

- status på IKT-plattformen Depnet U og IKT-plattformene for UD og JD, og gi ei vurdering av informasjonssikkerheita på plattformene
- avvik frå NSMs grunnprinsipp for IKT-sikkerheit og eventuelle nye krav som departementa stiller, og korleis DIO følgjer opp disse avvika

Styringsparameter 2 – Oppetid IKT-systema

Oppetid for IKT-system er i samsvar med krava i tenesteskildringane, jf. samarbeidsavtalen om tenesteleveransar med bilag, mellom DIO og verksemdene som får tenesteleveransar frå etaten.

DIO skal pr. tertial og i årsrapporten rapportere på:

- avvik frå krava, årsak til avvik og oppfølgingstiltak, og dessutan område og alvorsgrad avviket gjeld for
- problem/utfordringar i digitale løysningar/system, og vurdere eventuelle oppfølgingstiltak om det er nødvendig
- status for drift, forvaltning og vidareutvikling av departementa sine sak- og arkivsystem på IKT-plattformene til DIO

2. Dei digitale fellestenestene blir drifta og forvalta på ein kostnadseffektiv måte

Dei digitale fellestenestene og fellesløysingane som blir levert av DIO skal vera kostnadseffektive og gi stordriftsfordelar. Fellesløysingar, å samle kompetanse i sterke fagmiljø, standardisering og bruk av ny teknologi skal bidra til dette.

Styringsparameter 3 – Drift og forvaltning av tenester

DIO sine digitale tenester blir drifta og forvalta på ein kostnadseffektiv måte.

DIO skal i årsrapporten rapportere på:

- tenestekostnader fordelt på tenester
- tenester som ikkje blir levert på ein standardisert/på lik måte til departementa, og gi ei vurdering av om dette bør endrast
- tenester som blir brukte i avgrensa grad, og gi ei vurdering av om tenestene bør avviklast
- moglege tiltak for å effektivisere drifta og forvaltninga

3. Dei digitale fellestenestene er gode, brukarvennlege og tilfredsstillar behova til kundar og brukarar

Dei digitale fellestenestene og fellesløysingane skal leverast med riktig kvalitet, til riktig tid, og skal tilfredsstillar departementa sine behov. Tenestene skal vera relevante, tilgjengelege og gjort kjent for kundar og brukarar.

Styringsparameter 4 – Kvalitet i tenester

DIO får gode tilbakemeldingar i sine brukarundersøkingar og kundeundersøkingar, og følgjer opp med moglege tiltak for å forbetre tenestene. DIO skal jobbe aktivt med departementa for å avdekke behov for vidareutvikling.

DIO skal rapportere på:

- resultat frå brukarundersøkingar og kundeundersøkingar, så snart dei er gjennomførte og klare, jf. pkt. 4.2.2 i hovudinstruks for DIO
- eventuelle forslag til oppfølgingstiltak etter gjennomførte brukarundersøkingar, kundeundersøkingar og kundemøter, så snart dei er klare

Vidare skal DIO i årsrapporten rapportere på:

- status for igangsette oppfølgingstiltak etter gjennomførte brukarundersøkingar, kundeundersøkingar og kundemøter
- eventuelle forslag til endringar i eksisterande tenester og/eller etablering av nye tenester

Styringsparameter 5 – Avtalebrot/avtaleusemje

DIO følgjer opp kundeførespurnader om avtalebrot/avtaleusemje og klager.

DIO skal pr. tertial og i årsrapporten rapportere på:

- kundeførespurnader om avtalebrot/avtaleusemje og klager pr. departement
- korleis kundeførespurnadene blir følgde opp og løyste

Styringsparameter 6 – Brukarstøtte

DIO leverer effektiv brukarstøtte for tenesteområda, som varetek behovet til brukarane.

DIO skal pr. tertial og i årsrapporten rapportere på førespurnader til brukarstøtte fordelt på:

- DIOs tenesteområde
- bestillingar, hendingar og brukarspørsmål
- saker handtert i 1. og 2. linje
- saker handtert innanfor og utanfor ordinær arbeidstid
- alvorsgrad (DIO må gjere greie for alvorlege hendingar og korleis disse er/blir følgde opp)

3.2 Oppdrag

Nr.:	Oppdrag:	Frist:
1	Når STI-anlegget er ferdig etablert og overtatt av DFD, skal DIO ivareta forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling for sine tenesteleveransar til STI i samsvar med eiga oppdragsbeskriving.	15. mars 2026 Delar av oppdraget har eigne fristar i samsvar med planar for gjennomføring av sluttfasen av STI. DIO må forhalda seg til desse fristane.

2	DIO er ein viktig bidragsytar for å sikre at vi får gode og funksjonelle digitale fellesløysingar og fellestenester i nytt RKV og STI. DIO skal bidra i gjennomføring av viktige aktivitetar i sluttfasen av byggetrinn 1 for nytt RKV, jf. strategi for ferdigstilling og innflytting i byggetrinn 1 i nytt RKV. Dette omhandlar mellom anna etablering av eksisterande og nye IKT-/digitale tenester i nytt RKV.	30. juni 2026 Delar av oppdraget har eigne fristar i samsvar med planar for gjennomføring av sluttfasen av BT1. DIO må forhalda seg til desse fristane.
3	DIO skal etablere ein teneste for samhandlingsløysing for departementa og SMK på Nasjonal BEGRENSET plattform (NBP). Vidare skal DIO etablere forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling for tenesta, under dette klarlegge grensesnitt mot Statens graderte plattformer (SGP). DIO skal gjennomføre eit prosjekt for å innføre tenesta i departementa og SMK.	Løysinga skal være ferdig utvikla 29. mai 2026 Løysinga skal være ferdig innført i departementa og SMK innan utgangen av 2026.
4	DIO skal bidra i DFDs arbeid med å følgje opp tiltaket om digital utvikling i departementsstrategien «Gode kvar for oss. Best saman». I første omgang omhandlar dette at DIO i samråd med departementa, skal utarbeide forslag til ein felles og offensiv plan for digital utvikling i departementsfellesskapet.	Frist for å oversende utkast til plan er 31. august 2026
5	DIO skal gjere en kartlegging av kva tenester eller andre leveransar DIO er avhengig av for å fungere, som ligg utanfor verksemda si kontroll, og som ved bortfall eller redusert funksjonalitet vil få direkte konsekvens for verksemda sin funksjon. Oversikten skal sendast til DFD og NSM. DIO skal gjere ei kartlegging av kva objekt og infrastruktur dei er avhengige av for å støtte opp under DFDs grunnleggande nasjonale funksjonar (GNF) og Nasjonal tryggingssinteresser (NSI). Oversikten skal sendast til DFD og NSM. Basert på resultata av kartlegginga av kva objekt og infrastruktur DIO er avhengig av, skal DIO vurdere behov for å framme skadevurdering og forlag til klassifisering til DFD. DFD ønskjer eit oppstartsmøte med DIO i januar i 2026 om oppdraget. DFD vil innkalle DIO til oppstartsmøtet.	Frist for å oversende kartleggingar til DFD er 29. mai 2026 Frist for å fremme skadevurdering og forslag til klassifisering er 31. oktober 2026
6	DIO skal halde fram arbeidet med etablering og implementering av nytt styringssystem for	31. desember 2026

	informasjonstryggleik. DIO skal gjennomføre ein internrevisjon av styringssystemet for informasjonssikkerheit. DIO skal rapportere på framgang og tiltak som er gjennomførte i løpet av året.	
7	DIO skal bidra inn i arbeidet med nytt RKV byggetrinn 2 del I og del II og byggetrinn 3. Dette omhandlar mellom anna å gjennomføre prosjektering av IKT-brukarutstyranskaffingane i brukarutstyrprosjekta.	31. desember 2026
8	DIO skal arbeide vidare med KI for departementsfellesskapet. Dette omhandlar å 1) arbeide vidare med koordinering, erfaringsdeling og utprøvingar for bruk av KI i departementa, 2) leie den tverrdepartementale arbeidsgruppa for KI, 3) utvikle og halde kurs om KI for tilsette i samråd med DSS v/Departementsakademiet, 4) utarbeide informasjonsgrunnlag og forvalte dei felles retningslinjene for bruk av KI og 5) følgje opp felles strategi for KI etter at han er ferdig utarbeidd og endeleg godkjent av DFD. DIO skal òg i den grad det er mogleg, gi råd og hjelpe departementa med å teste og eventuelt innføre KI-løysingar hos seg.	31. desember 2026
9	DIO skal bidra i UD sitt prosjekt for etablering av ny EØS-notatbase. DIO skal òg gjere nødvendig førearbeid for å overta ansvaret for drift, forvaltning og vedlikehald av den nye EØS-notatbasen etter at ny base er ferdig etablert.	31. desember 2026
10	DIO skal arbeide vidare med system for saksbehandling og arkivering i departementsfellesskapet, jf. oppdraget og føringane i supplerande tildelingsbrev nr. 7 2025. Arbeidet med å greie ut nye system for saksbehandling og arkivering etter prosjektmodellen til staten for digitaliseringsprosjekt, skal følgje eiga overordna milepælsplan. Dette oppdraget må sjåast i samanheng med oppdrag 12 – delprosjekt for å etablere informasjonsforvaltning som ei ny fellesteneste i DIO.	Forslag til konseptval skal vere ferdig 31. desember 2026
11	DIO skal bidra i etableringa av dei nye fellestenestene i DSS innanfor dei fire områda 1) representasjonsanlegget til regjeringa (RRA), 2) servicetenester, 3) førebyggjande tryggingsarbeid og 4) HR, jf. oppdraget og føringane i supplerande tildelingsbrev nr. 7 2025.	1) og 2) har frist 1. mars 2026 3) og 4) har frist 1. januar 2027
12	DIO skal ferdigstille delprosjektet med å etablere informasjonsforvaltning som ei ny fellesteneste i etaten, jf. oppdraget og føringane i supplerande tildelingsbrev nr. 7 2025.	Forslag til felles strategi har frist 20. mars 2026

		Etablering av fellestenesta har frist innan sommaren 2027
13	DIO er oppdragsansvarleg for gjennomføringa av program for felles IKT-tenester i departementsfellesskapet. DIO har det operative ansvaret for å sørge for at programmet oppfyller måla sine, og leverer på kvalitet, tid og kost. DIO er også operasjonelt ansvarleg for å realisere dei estimerte gevinstane i samsvar med gevinstrealiseringsplanen for programmet. DIO skal i tertial- og årsrapportering til DFD, rapportere meir utdjupande på status, avvik, risiko og risikoreduserande tiltak for måloppnåing, gjennomføring, gevinstar og økonomien for program for felles IKT-tenester.	31. desember 2027 Gjennomføringa av programmet følger eiga framdriftsplan.

4. Andre føresetnader og krav

4.1 Fellesføringar 2026

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

DIO skal følgje opp dette målet. Verksemda skal ta omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet.

DIO skal òg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda.

DIO skal gjere systematiske vurderingar av eige energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

4.1.2 Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik.

DIO skal i årsrapporten oppgjje tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2026, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2026. Verksemda skal òg omtale utviklinga i 2026 samanlikna med rapporteringa si for 2025.

4.1.3 Redusere bruk av konsulentar

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. DIO skal arbeide for å redusere bruk av konsulentar på områder der verksemda kan bruke interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje bruke tenester frå kommunikasjonsbransjen.

DIO skal i årsrapporten for 2026 rapportere om bruk av konsulentar og oppfølginga av fellesføringa, irekna totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir brukt i særleg grad i verksemda, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare.

Verksemda skal som ein del av rapporteringa òg gi ein overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2026 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester.

Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærare i note til årsregnskapet. Om verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

5. Budsjetttildelingar

5.1 Budsjetttrammer 2026

I tråd med Stortinget sitt vedtak blir utgifter tildelte og inntekter fastsette for DIO i 2026, som følgjer:

Utgifter

Kap. 1515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa

		[tal i kroner]
Post	Nemning	Budsjett 2026
01	Driftsutgifter	466 729 000
21	Særskilde driftsutgifter	81 799 000
22	Større IKT-/digitaliseringsprosjekt, <i>kan overførast</i>	617 747 000
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	25 020 000
Sum kap. 1515		1 191 295 000

Inntekter

Kap. 4515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa

		[tal i kroner]
Post	Nemning	Budsjett 2026
01	Diverse inntekter	622 000
02	Brukarbetaling	35 844 000
Sum kap. 4515		36 466 000

Endringar/føringar for bruk av løyvinga:

Utgifter

Post 01 Driftsutgifter:

- Posten er auka med 61,1 mill. kroner for å dekke praktiske bindingar i DIO i samband med at verksemda skal setje i drift nye fellesfunksjonar, fellestenester og infrastrukturar i nytt regjeringskvartal byggetrinn 1. Dette omhandlar drift av sikker teknisk infrastruktur og forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av ugradert og lågradert audiovisuelt møteromsutstyr og anna IKT-utstyr.
- Posten er auka med 11 mill. kroner for å sikre at etaten har tilstrekkeleg kapasitet og tilgang på kompetanse til å følgje opp arbeida med å etablere fleire fellestenester. Løyvinga skal òg gå til å dekke nye ressursar i etaten, for å styrkje administrative støttefunksjonar og satsinga på mellom anna digitalisering og KI i departementa.
- Posten er auka med 8,35 mill. kroner som følgje av rammeoverføringar av midlar til drift og forvaltning av ny EØS- og Schengen-notatbase frå departementa.
- Posten er auka med 426 000 kroner som følgje av overføring av midlar frå DSS. Endringa omhandlar fordeling av priskompensasjon mellom DIO og DSS.
- Posten er redusert med 65 000 kroner som følgje av overføring av midlar for lisensar til DSS.
- Posten er redusert med 750 000 kroner som følgje av overføring av midlar for samiske omsetjingar til DSS.

Post 22 (ny) Større IKT-/digitaliseringsprosjekt, kan overførast:

Post 22 er ein ny post og skal dekke utgifter til store IKT- og digitaliseringsprosjekt som DIO skal utføre for departementsfellesskapet.

- Det blir tildelt 77,5 mill. kroner på posten til prosjekt for IKT i RKV, mot ein tilsvarande reduksjon av post 45. Dette skal gå til å dekke kostnader knytt til å på plass nødvendig IKT-utstyr i nytt RKV byggetrinn 1, mellom anna etablering av kommunikasjonsinfrastruktur, flytting og reetablering av datasenter, etablering av delte og personlege IKT-tenester og felleskostnader. Nytt RKV byggetrinn 1 inkluderer STI.
- Det blir tildelt 494,7 mill. kroner på posten til program for felles IKT-tenester i departementsfellesskapet. Løyvinga til programmet i 2026 er i tråd med den opphavlege planen for løyvingar frå gjeldande kostnadsramme, vedteke gjennom Stortinget si

behandling av Prop. 1 S (2024–2025) for budsjettåret 2025 underutgreiing Forsvarsdepartementet, jf. Innst. 7 S (2024–2025).

- Det blir tildelt 45,5 mill. kroner på posten til vidare arbeid med felles system for saksbehandling og arkivering for departementa. Dette skal gå til å dekke kostnader til nødvendige oppgraderingar av eksisterande system og vidare arbeid med av nye felles system for saksbehandling og arkivering for departementa. Løyvinga skal òg dekke kostnader knytte til etaten sitt arbeid med å følgje opp arbeida med å etablere fleire fellestenester, mellom anna arbeidet med ein felles strategi for informasjonsforvaltning.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast:

- Posten er redusert med 172,1 mill. kroner som følgje av at delar av prosjekt IKT i RKV blei ferdigstilt i 2025.
- Vidare er posten redusert med 117,5 mill. kroner mot ein tilsvarande auking av post 22, jf. omtale under post 22.
- Posten er redusert med 6,8 mill. kroner som følgje av at det resterande arbeidet med oppgradering av IKT-plattformen for 13 departement blei ferdigstilt i 2025.

Inntekter

Post 02 Brukarbetalingar:

- Posten er auka med 1,45 mill. kroner som følgje av at DIO har fått auka inntektskrav. DSS har fått tilsvarande redusert inntektskrav på kapittelet sitt.

6. Fullmakter

Departementet delegerer budsjettfullmakter til DIO for budsjettåret 2026 som omtalt nedanfor. DIO er sjølv ansvarleg for å setje seg inn i dei krava og heimlane departementet viser til.

I tillegg gjeld dei administrative fullmaktene som DIO har fått delegert i hovudinstruksen, som gjeld frå 1.1.2025.

6.1 Meirinntektsfullmakt

Fullmakt til å overskride driftsløyvinga på kap. 1515, post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 4515, postane 01 og 02, jf. romartalsvedtak II under DFD i Prop. 1 S (2025–2026), jf. Innst. 16 S (2025–2026) vedteke 16. desember 2025.

6.2 Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Fullmakta blir gitt for kap. 1515, post 01 på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.2.

6.3 Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret

Fullmakta blir gitt på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.3.

6.4 Fullmakt til å overskride investeringsløyving mot tilsvarande innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel

Fullmakta blir gitt for bruksendring frå kap. 1515, post 01 til kap. 1515, post 45, på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.5.

6.5 Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i etterfølgjande budsjettår

Fullmakta blir gitt for overskridingar på kap. 1515, post 01 og post 21 til investeringsformål mot innsparing i løpet av dei tre følgjande budsjettår på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.6.

6.6 Fullmakt til å pådra staten forpliktingar i investeringsprosjekt

Departementet samtykker i at DIO i 2026 kan inngå forpliktingar knytte til program for felles IKT-tenester i departementsfellesskapet, endringstrinn 1, 2 og 3, ved å bestille og forplikte staten ut over budsjettåret innanfor styringsramma på 1 852 mill. kroner inkl. mva. (i prisnivå per 1. juli 2025). DFD disponerer uvisseavsetninga, og forslag til bruk av denne skal fremjast for departementet for avgjerd i god tid før styringsramma er trua.

7. Rapportering og resultatoppfølging

Tidspunkt for etatsstyringsmøte og rapporteringar i 2026 går fram av styringskalenderen i vedlegg 1.

7.1 Styringsdialog og rapportering gjennom året

Faste etatsstyringsmøte er ein forpliktande del av departementet si styring av DIO og ein sentral del av styringsdialogen.

Det skal gjennomførast tre etatsstyringsmøte i 2026, jf. hovudinstruksen, pkt. 3.3.2 og styringskalenderen.

DIO skal utarbeide og sende over tertialrapport pr. tertial til DFD, jf. hovudinstruksen, pkt. 3.3.3 og styringskalenderen. Tertialrapporten skal setjast opp i samsvar med avtalt mal mellom departementet og DIO.

7.2 Årsrapport og årsrekneskap

DIO skal sende årsrapporten for 2026 til departementet innan 15. mars 2027, med kopi til Riksrevisjonen. Årsrapporten skal tilfredsstillе krava i hovudinstruksen for DIO. Rapporten skal innehalde rapportering om måloppnåing på styringsparametrar og oppdrag omtalt i dette tildelingsbrevet, jf. pkt. 3 Mål for 2026 og pkt. 4 Andre føresetnader og krav.

DIO skal sende ein korrekt, dekkjande og komplett årsrapport til departementet. Årsrapporten skal ikkje endrast etter at han er sendt til departementet, med mindre det er særskilde forhold som gjer det nødvendig.

For årsrapporten for 2025 som skal sendast til departementet innan 15. mars 2026, gjeld same krav som ble stilt for 2025, med mindre noko anna kjem fram av dette brevet.

8. Budsjettmessige føresetnader

DIO har ansvar for å legge planar for 2026 slik at verksemda kan nå måla innanfor løyvingane som blir stilte til disposisjon i dette brevet, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 9 og Bestemmelser om økonomistyring i staten, pkt. 2.2.

DIO kan ikkje overskride utgiftsløyvingane eller bruke dei til andre formål enn bestemt av Stortinget, jf. løyvingreglementets § 5. Unntaket er om det er gitt ei slik fullmakt i pkt. 6 i dette brevet.

DIO har ansvaret for å setje i verk tiltak slik at det ikkje oppstår behov for å auke løyvinga. Departementet føreset at DIO rapporterer omgåande om vesentlege endringar i budsjettføresetnadene.

Med helsing

Aleksander Åsheim (e.f.)
ekspedisjonssjef

Vetle Bjøringsøy Johnsen
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg:
Styringskalender for DIO for 2026
Hovudinstruks for DIO pr. 1.1.2025

Kopi

Riksrevisjonen

Vedlegg 1

Styringskalender for DIO for 2026

<i>Månad</i>	<i>Rapportering/møte</i>	<i>Tidspunkt</i>
Januar	Statsrekneskapen 2025 – Rapportering til statsrekneskapen – Sendast DFD	16.1.2026
	Statsrekneskapen 2025 – Førebels rekneskap, stadfesting/bruksendringar	23.1.2026
	Risikovurderingar av mål og oppgåver i tildelingsbrev for 2026 – Sendast DFD	23.1.2026
	Møte mellom DFD og DIO om risikovurderingar av mål og oppgåver i tildelingsbrev for 2026	30.1.2026
Februar	Statsrekneskapen 2025 – Forklaringar til statsrekneskapen – Sendast DFD	2.2.2026
	Statsrekneskapen 2025 – Overføringar av ubrukte løyvingar frå 2025 til 2026 – Sendast DFD	2.2.2026
	Plan for 2026 for investeringar og vedlikehald – Sendast DFD	2.2.2026
	Statsbudsjettet 2026 – Innspel til revidert nasjonalbudsjett (RNB) – Sendast DFD	2.2.2026
		23.2.2026
Mars	Førebels årsrapport for 2025	2.3.2026
	Årsrapport for 2025	15.3.2026
April	Etatsstyringsmøte 1	10.4.2026
Mai	Statsbudsjettet 2027 – Innspel til rammefordelings-forslaget (RFF) – Sendast DFD	4.5.2026
	Statsbudsjettet 2027 – Utkast til rapportering til Prop. 1 S (2026–2027) – Sendast DFD	22.5.2026
	Første tertialrapport pr. 30.4 – Sendast DFD	29.5.2026
Juni	Etatsstyringsmøte 2	19.6.2026
	Varsel om behov for større anslagsendringar i andre halvår – Sendast DFD	26.6.2026
Juli		
August		
September	Statsbudsjettet 2026 – Innspel til nysalderinga – Sendast DFD	21.9.2026
Oktober	Andre tertialrapport pr. 31.8 – Sendast DFD	5.10.2026
	DFD sender over 1. utkast til tildelingsbrev for 2027	Medio oktober
November	Etatsstyringsmøte 3	6.11.2026
	Årleg rapportering på grunnsikring (nærare føringar kjem i eige brev i 2026) – Sendast DFD	6.11.2026
	DFD sender over 2. utkast til tildelingsbrev for 2027	Medio november
	Statsbudsjettet 2028 – innspel til nye satsingar Statsbudsjettet 2028 – innspel til innsparringstiltak	16.11.2026
	Statsbudsjettet 2028 – innspel til tekniske justeringar	16.11.2026
	Statsbudsjettet 2028 – spesifikasjon av driftspostane	27.11.2026
Desember	DFD sender over endeleg tildelingsbrev for 2027	18.12.2026